



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen 16  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7579 - 14/28214

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

8/1-2015

Sender dette "på nytt".  
Håper jeg sendte det for  
jul, men bli usikker p.g.a.  
mangel på logg i det  
elektroniske systemet.

Kennlig hilsen  
Lindås Kommune

Eli Bjørklid

## Uttale frå landbruk vedrørane bygging av tilbygg til bustadhus gbrnr 151/3 Litleokse.

Det vert synt til brev frå dykk datert 19.11.2014, der de ber om uttale frå landbruksavdelinga i kommunen knytt til å tilbygg til bustadhuset på gnr.151 bnr.3. Uttalen er knytt til at det er eit generelt forbod i LNF sona mot tiltak som ikkje er naudsynt for landbruk og gardsbasert næringsverksemd (pkt.5.1. i føresegner til arealdelen av kommuneplanen), og ein ynskjer stadfesting av om tiltaket er naudsynt for landbruket.

Landbrukskontoret seier seg lei for at det har teke noko tid å svare på førespurnaden frå dykk. Nedanfor følj kontoret si vurdering av tiltaket:

### Opplysningar i saka:

Gnr.151 bnr.3 har eit samla areal på om lag 200da. Av dette er 24,4da fulldyrka jord, 9,6da overflatedyrka jord og 47,4da innmarksbeite. Det er og vel 110da drivverdig skog på eigedommen. Eigedommen har god driftsbygning og er i drift. Dei seinaste åra har drifta vore kjøtproduksjon på storfe.

Noverande eigar overtok eigedommen for nokre år sidan, og ynskjer no å utbetre bustadhuset og samstundes bygge ny dobbel garasje.

### Vurdering:

Godt bustadhus må sjåast som del av naudsynt bygningsmasse på eit gardsbruk.

Det eksisterande huset er av eldre dato og tilbygget no skal løyse trongen for nytt og moderne bad samt eit ekstra soverom. Tilbygget skal samstundes gje plass til dobbel garasje.

Tilbygget skal erstatte ein eldre garasje og eldre inngangsparti.

Eksisterande bustadhus ligg tett ved vegen RV 404. Det er ein del trafikk på vegen. Ved tilbygget slik det er tenkt, vil framsida av huset med utsyn mot Seimsfjorden verte skjerma for trafikkstøy.

### Konklusjon:

Gnr.151 bnr.3 Litleokse er eit gardsbruk i drift. Det har gode ressursar og er i god hevd.

Bruket har eldre bustadhus, og det må sjåast som naudsynt for at drift og busetting skal halde fram, at bustadhuset kan moderniserast og verte i samsvar med dei krava som vert stilt i dag.



Med helsing

for Nils Kaalaas  
fagleiar landbruk

Eiv Bjørnild

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



## Statens vegvesen

Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen  
5955 LINDÅS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2015/018753-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
13.02.2015

### **Fv. 404 - Nabovarsel - Riving og nybygg - Gnr. 151 bnr. 3 i Lindås kommune**

Vi viser til Dykkar nabovarsel datert 09.02.15 med søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 404 for oppføring av tilbygg til eksisterande bustadhus på eigedomen gnr. 151, bnr. 3 i Lindås kommune.

Tilbygget til bustaden skal innehalde tilbygg til hovuddelen m.a. for å legge til rette for universell utforming i huset sitt hovudplan. I tillegg skal det byggast ny dobbelgarasje.

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 404 Lurevegen for oppføring av tilbygg til eksisterande bustad i ein avstand på 25 meter frå senterlinja på fylkesvegen.

Statens vegvesen har vurdert søknaden og slik vi vurderer forholdet vil ikkje tilbygget det er søkt om føre til vesentlege ulemper for drift og vedlikehald av fylkesvegen. Med dette som bakgrunn gjev Statens vegvesen dispensasjon etter § 29 i Veglova for oppføring av tilbygg til eksisterande bustad på eigedomen gnr., 151, bnr. 3 i ein avstand på minimum 25 meter frå senterlinja på fylkesveg 404.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks: